

Referat frå møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Eventuelle merknader til referatet må sendast til arve.uthaug@if.uib.no seinast 17. desember 2010.

Møtedato: onsdag 8. desember 2010

Stad: møterom 217, HF-bygget

Desse møtte:

Frå gruppe A: Leiv Egil Breivik, Margareth Hagen, Kjetil B. Henjum, Randi Koppen, Kevin McCafferty og Margery Vibe Skagen.

Frå gruppe B: Bo Byrkjeland.

Frå gruppe C: Jan A. Johansen.

Frå gruppe D: Helene Myrdahl og Kjersti Monen Berge.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjende utan merknader.

Sak 2 – godkjenning av referatet frå rådsmøtet 20. oktober 2010

Godkjent med merknader.

Sak 3 – orienteringssaker

- A. Referat frå styringsdialog mellom fakultetet og instituttet hausten 2010 var lagt ved innkallinga. SAK-midlar tyder midlar til "samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon" på nasjonalt plan. Instituttleiar orienterte om at han er med på éin slik SAK-søknad for italienskfaget og éin for fransk og tysk. TOMT står for "tolking, omsetjing og terminologi" og refererer til ei masterpåbygging til bachelorgraden i Språk og interkulturell kommunikasjon (SPIK).
- B. Jan Johansen orienterte om overgangen til nytt registreringssystem for vitskaplege publikasjonar. Systemet Cristin kjem i staden for Frida. Sjå www.cristin.no.
- C. Uthaug orienterte om at fakultetet er i ferd med å etablera eit nytt styre, der m.a. undervisningsleiarane ved institutta skal delta.

Sak 4 – Orientering om økonomien ved fakultetet og instituttet desember 2010

Uthaug orienterte om budsjett og økonomi i tråd med dei ettersendte sakspapira. Breivik poengterte at forskargruppene og forskinga ved instituttet bør få tilført meir midlar framover enn instituttet har kunna setja av i 2010 og 2009.

Sak 5 – framtida for påskjøningsmidlane ved instituttet

Breivik orienterte om saka og opplyste at òg dei andre institutta ved HF vil starta ein tilsvarande prosess for å finna ut kva ein skal gjera med påskjøningsmidlane i framtida.

Instituttleiinga sender saka ut til alle ved instituttet, og fagkoordinatorane blir bedne om å drøfta framtida for påskjøningsmidlane i lærarmøte. Det vert presentert ei liste over alternative modellar, og denne lista bør òg ha med ein modell der det vert sett av ein mindre sum faste driftsmidlar til kvar vitskapleg tilsett kombinert med ein pott alle kan søkja midlar frå. I så fall bør det nemnast ein sum for dei generelle driftsmidlane i ein slik modell.

Fleire enkeltspørsmål vart drøfta i rådsmøtet: Vil det bli vanskelegare for små fag å finna medrettileiarar utanfor instituttet dersom påskjøningsmidlane forsvinn? Veit vi om ordninga med påskjøningsmidlar har ført til at fleire masterstudentar er blitt ferdige med studiet på normert tid?

McCafferty meinte det ville vera uheldig å premiera administrative verv, slik det er nemnt i modell C i sakspapira; det bør ikkje oppmuntrast til at vitskapleg tilsette skal utføra meir administrasjon enn dei allereie gjer. Han meinte ein heller burde premiera primærverksemda forskning og undervisning dersom ein framleis skal ha ei påskjøningsordning.

Vedtak (samrøystes): Instituttleiinga følgjer opp spørsmålet om framtida for påskjøningsmidlane i tråd med det framlagte notatet og drøftinga i rådsmøtet. Det blir gjennomført ei intern høyring ved instituttet før saka vert lagd fram til vedtak i instituttrådet våren 2011.

Sak 6 – bemanningsplan for Det humanistiske fakultetet 2012-2015

Fakultetet har ikkje sendt ut bemanningsplanen til høyring, men instituttet har sendt planen vidare til alle fagkoordinatorane i tillegg til at saka vert drøfta i rådet. Rådsmedlem Koppen er også representant i fakultetsstyret og tok drøftinga i instituttrådet til informasjon. Dei enkelte faga kan gjerne ta kontakt med henne med meir informasjon om stoda på faget dersom det er behov for dette. Det er òg fullt mogleg for enkeltfag å senda synspunkt beinveges til fakultetsleiinga før møtet i fakultetsstyret 14. desember.

Instituttleiinga har på grunnlag av eit tidlegare utkast til bemanningsplan vore i kontakt med fakultetet om fleire spørsmål, m.a. stillingsbehovet på engelsk lingvistikk, stillingsressursen på japansk ved NHH og spørsmålet om den nye litteraturstillinga på spansk bør lysast ut som førsteamanuensis eller professor.

IF kjem samla sett ganske dårleg ut i denne bemanningsplanen med ein reduksjon på 4.5 stillingar, og først og fremst går dette ut over faga fransk og tysk.

Henjum reagerte på at det sto ”dårleg” studiepoengproduksjon i planen der det heller burde stått ”låg”.

Sak 7 – møteplan for instituttrådet våren 2010

Rådsmøta ved IF våren 2011 er onsdag 26. januar, onsdag 23. februar og onsdag 4. mai.

Leiv Egil Breivik,
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef